
Saksnr: 2020/54965-6
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.06.2020

Bybanen til Åsane - høyringsuttale til utvida planområde for tunnelalternativet - delegering av mynde

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen mynde til å gi uttale i saka.
2. Uttalen skal vere i samsvar med fylkeskommunen sine tidlegare vedtak i saka.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har motteke høyringsbrev datert 29.05.2020 frå Bergen kommune. Høyringa gjeld utvida planområde for Delstrekning 1 - tunnelalternativet til Åsane. Frist for å kome med uttale er sett til 27.06.2020. For at Vestland fylkeskommune skal kunne gi eit gjennomarbeidd høyringssvar innan fristen, er det naudsynt at fylkesrådmannen vert delegert mynde til å gi høyringsuttale i saka. Det er ein føresetnad at uttalen er i samsvar med fylkeskommunen sine tidlegare vedtak i saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør mobilitet og kollektiv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Varslingsbrev til offentlige høringsinstanser - Bybanen fra Bergen sentrum til Åsane. Tunnelalternativ Kaigaten - Sandviken
- 2 Kart med utvidet planområdet for delstrekning 1 datert 180520 - EDKID - 12192376.pdf
- 3 Fagnotat

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har motteke høyringsbrev om utvida planområde for Bybanen Delstrekning 1 - tunnelalternativet til Åsane. Frist for å kome med uttale er sett til 27.06.2020.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet gir høyringsuttale på vegner av Vestland fylkeskommune, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 7.

Etter kommunelova § 13-1 (6) kan eit folkevald organ gi fylkesrådmannen mynde til å treffe vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning. Ei høyringsuttale med den føresetnad som følger av vedtakspunkt 2, er ikkje å sjå som ei sak med prinsipiell betydning.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje vurdert

Klima: Ikkje vurdert

Folkehelse: Ikkje vurdert

Regional planstrategi: Ikkje vurdert

Høyringsbrev og informasjon frå Bergen kommune

Vestland fylkeskommune har som offentlig høyringpart motteke brev frå Bergen kommune i sak om utviding av planområde for Bybanen Delstrekning 1 - tunnelalternativet til Åsane. Brevet m/vedlegg er vedlagt saka. Av brevet følger om Planprosess og fremdrift:

«De viktigste milepælene i planprosessen knyttet til tunnelalternativet er:

- Kunngjøring og varsel om utvidelse av planområde for delstrekning sentrum, våren 2020. Alle berørte grunneiere og naboer varsles med brev.
- Utredning av tunnelalternativ 2020-2021. Utredning gjennomføres på samme nivå som skissefasen for resten av reguleringsplanarbeidet, og presenteres i en rapport i 2021.
- Byrådet legger frem sak for bystyret om løsning for Bergen sentrum i 2021.»

Frå Bergen kommune sine nettsider er her saksa inn følgjande informasjon om planarbeidet:

«Traséen for Bybanen i sentrum og Åsane ble vedtatt av Bergen bystyre 20. april 2016 (sak 88/16), og traséen i Sandviken med forlenget Fløyfjellstunnel ble vedtatt 31. januar 2018 (sak 19/18).

Byrådet har i sak 1012/20, 12. mars 2020 vedtatt å bestille oppstart av utredning for tunnelloøsning for Delstrekning 1 Sentrum for Bybanen. Samtidig vedtok byrådet å varsle utvidelse av planområdet. På denne bakgrunnen ble det fattet administrativt vedtak i Bergen kommune om utvidet planområde.

Utredningen av tunnelalternativ gjennomføres på samme nivå som resten av reguleringsplanarbeidet i skissefasen, og presenteres i en rapport i 2021. Da skal Bystyret behandle valg av løsning for Delstrekning 1 for Bybanen.

Hovedproblemstillinger i planarbeidet er:

- utforming av løsninger for trasé og holdeplasser
- tilkomst til holdeplassene og overgang til buss
- plassering av tunnelportaler
- forholdet til kulturminner, landskap og bybilde
- bruken av byrommene
- trafikkomlegginger og sykkelloøsninger
- omlegging av infrastruktur under bakken
- gjennomføring av anleggsarbeid
- investerings- og driftskostnader

Planområde med varsel om oppstart

I planområdet er det tatt med et større område enn den endelige plangrensen, dvs det området som faktisk blir regulert. Dette er gjort for å kunne få med eventuelle justeringer av traséen, rømningsveier, midlertidig riggareal, osv. Vi gjør oppmerksom på at eiendommer som ligger over mulige tunneltraséer varsles da de kan få restriksjoner på tiltak i grunnen.»

Fylkeskommunen sine tidlegare vedtak

Hordaland fylkeskommune har tidlegare behandla forslag til planprogram (2011), konsekvensutgreiing (2013) og oppstart av områdereguleringsplan for Bybanen til Åsane og detaljreguleringsplan for sykkel (2018).

Planprogram

Fylkeskommunen ga fråsegn til forslag til planprogram for Bybanen - Bergen Sentrum - Åsane, haust 2011 (sak 201108716 vedlegg I)

KU og val av trase

Våren 2013 gjorde Fylkesutvalet vedtak om at alternativa 1Aa (dag) og 2Aa (tunell) skulle vere prioritert i det vidare arbeidet, og at det var trong for tilleggsutgreiingar før dei kunne ta endeleg val av trasé i sentrum. (24.05.13). Vedtaket hadde mellom anna presiseringar om behov for kort avstand mellom buss og bane og atterhald knytt til kulturminne og kulturmiljø, med særleg vekt på Torget og Bryggen.

Av dei andre alternativa som var del av konsekvensutgreiinga, rådde Fylkesutvalet i frå trasealternativ 1Ab, 1 Bb, og varsla motsegn mot trasealternativa alternativa 1Aa, 1Ab, 1Ba, 1Bb, 2Aa, 2Ab, 3Ba dersom tilleggsutgreiingar eller tingingar med kulturminnemynde ikkje legg grunnlag for tilfredstillande løysingar. (sak 201302901)

På bakgrunn av tilleggsutgreiingane som var ferdig tidleg hausten same år, ga fylkesutvalet (31.10.13) råd om at det vart starta opp reguleringsplanarbeid for dagalternativet 1Aa. (sak 2018/11205)

Reguleringsplan

Våren 2016 vedtok Bergen bystyre (20.04.16) trase for Bybanen som dagløyning gjennom sentrum, (Delstrekning 1). Etter ein ytterleg prosess med mellom anna tilleggsutgreiingar for Sandviken, vart alternativ med tunell gjennom Sandviken (Delstrekning 2) og forlenga Fløyfjellstunell, vedtatt i januar 2018.

Planarbeidet for Bybanen sentrum Åsane, vart meldt oppstart i mai 2018. Fylkesutvalet handsama saka i møtet 30.08.2018 (sak 2018/11205). Vedtaket legg vekt mellom anna på det samla kollektivsystemet, forbehold om tilstrekkelege avbøtande tiltak for kulturminne, ber om differensierte løysingar for sykkel i sentrum m.m..

Vestland fylkeskommune har vidare delteke i reguleringsarbeidet gjennom intern samhandlingsgruppe, og som part i prosjektgruppa saman med Bergen kommune og Statens vegvesen.

Representantar frå Kulturminne har del teke i gruppe med arkitektkonkurranse for Torget og Bryggen.


Fylkesrådmannen sine førebelse kommentarar til saka og vidare prosess

Fylkeskommunen har fått varsel om utviding av planområdet for BT5, Delstrekning 1. Utvida plangrense skal sikre at også trase i tunell vert utgreia som et alternativ til vedtatt dagløyning på frå Kaigaten til Sandbrogaten. Planarbeidet er bestilt av Byrådet. Det pågåande planarbeidet skal fortsette utan opphald. I Byrådet sitt vedtak er det lagt til grunn at Bystyret skal få lagt fram økonomiske konsekvensar i saka, ved 1.tertialrapport 2020.

- Kunngjøring og varsel om utvidelse av planområde for delstrekning sentrum, våren 2020. Alle berørte grunneiere og naboer varsles med brev.
- Utredning av tunnelalternativ 2020-2021. Utredning gjennomføres på samme nivå som skisefasen for resten av reguleringsplanarbeidet, og presenteres i en rapport i 2021.

- Byrådet legger frem sak for bystyret om løsning for Bergen sentrum i 2021.

Oppstartvarsel viser til at utredningen vil bygge på dei to alternative løysingane som blei vurdert som best eigna av tunnelalternativa i konsekvensutgreiinga frå 2013 (KU2013).



Hovedproblemstillinger i planarbeidet er:

- *utforming av løsninger for trasé og holdeplasser*
- *tilkomst til holdeplassene og overgang til buss*
- *plassering av tunnelportaler*
- *forholdet til kulturminner, landskap og bybilde*
- *bruken av byrommene*
- *trafikkomlegginger og sykkelløsninger*
- *omlegging av infrastruktur under bakken*
- *gjennomføring av anleggsarbeid*
- *investerings- og driftskostnader*

Figur 1: Frå KU2013 - Sentrum- tunnelalternativa 2Aa og 2Ab

Vidare prosess vil avhenge av den politiske behandlinga. Dersom bystyret opprettholder trasevedtak om dagløysning, vil det påbegynte reguleringsplanarbeidet videreføres. Dersom bystyret vedtek endra traseløysing for sentrum, vil reguleringsarbeidet for dagtraseen bortfalle og man vil gå vidare med regulering av tunneltrase.

Utredning av «tunnelalternativet» vil bygge på dei to alternative løysingane som vart vurdert som best eigna av tunnelalternativa i konsekvensutredningen frå 2013, også kalt (KU2013). Lenke til kart som viser utvida varslingsområde for Bybanen frå sentrum til Åsane, delstrekning 1, Kaigaten - Sandbrogaten:

<https://www.bergen.kommune.no/publisering/api/filer/T540490515>

Konklusjon

Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen mynde til å gi høyringssvar i saka. Høyringssvaret skal vere i samsvar med fylkeskommunen sine tidlegare vedtak i saka.